



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
60/22	Nærings- og miljøutvalet	25.10.2022

Lokal forskrift om rett til å føre tilsyn med bygg, område m.m. i Hareid kommune

Samandrag:

Kommunen har ikke heimelsgrunnlag for å gå tilsyn i andre bygg enn dei som er registeret som særskilt brannobjekt gjennom enkeltvedtak. Med denne forskriften vil Hareid og Ulstein brannvesen lettare kunne gjennomføre tilsyn i bygg og område med større risiko for brann.

Nærings- og miljøutvalet 25.10.2022

Nye framlegg:

Brannsjefen i Ulstein og Hareid Olav Helt Brubakk orienterte.

Samrøystes

NMU - 60/22 Vedtak

Nærings- og miljøutvalet legg Forskrift om rett til å føre tilsyn med bygg, område m.m. i Hareid kommune datert 18.10.2022 ut til offentleg ettersyn i samsvar med forvaltningslova § 37 i 8 veker.

Kommunedirektøren si tilråding:

Nærings- og miljøutvalet legg Forskrift om rett til å føre tilsyn med bygg, område m.m. i Hareid kommune datert 18.10.2022 ut til offentleg ettersyn i samsvar med forvaltningslova § 37 i 8 veker.

Vedlegg:

Lokal forskrift om rett til å føre tilsyn med bygg - Hareid kommune
Paragraf 13 i brann- og eksplosjonsvernloven

Saksopplysningar:

Sidan 2014 har sentrale mynde oppmoda brannvesena i Noreg om å fokusere på utsette grupper i forhold til brannførebygging. Utsette grupper er i denne samanheng personar som fysisk eller psykisk har vansker med å handtere ein brann eller gjennomføre brannførebyggande tiltak sjølv.

Ulstein kommune har hatt lokal forskrift om rett til å føre tilsyn med bygg, område m.m. sidan 2015. Hareid og Ulstein brannvesen ser det som tenleg at det vert likt i begge kommunane.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen har ikkje heimelsgrunnlag for å gå tilsyn i andre bygg enn dei som er registeret som særskilt brannobjekt gjennom enkeltvedtak. Med denne forskrifta vil Hareid og Ulstein brannvesen lettare kunne gjennomføre tilsyn i bygg og område med større risiko for brann. Forskrifta vil kunne redusere tal på brannar og branntillaup gjennom å stille krav til førebyggande tiltak. Forskrifta vil kunne redusere storleik på brannar, gjennom å stille krav til avgrensande tiltak.

Miljøkonsekvensar: Ingen spesielle konsekvensar.

Økonomiske konsekvensar: *Brannar kostar dyrt, både for dei som vert råka av brannar og samfunnsøkonomisk. Forskrifta vil kunne medverke til redusert tap av materielle verdiar. I tillegg vil risikoen for å miste uerstattelege verdiar kunne verte redusert.*

Beredskapsmessige konsekvensar: *Redusere faren for at personar som bur og overnattar i Hareid kommune opplever brann i bygg og område som er spesielt utsett.*

Ragnhild Velsvik Berge
kommunedirektør

Live Gandborg
branningeniør